

Høyringsuttale til Områderegulering for Lonena frå Alver Senterparti

Alver Senterparti har merka seg det sterke folkelege engasjementet i saka om mogeleg utbygging av fleire bustader i Lonena i samband med handsaming av Områderegulering for Lonena som no er på høyring. Også den yngre «garde» har engasjert seg i saka og det er veldig positivt. Vi vonar at den vidare prosessen og sakshandsaming vil visa at det store engasjementet og motviljen mot vidare utbygging i området ikkje har vore til fånnytt.

Alver Senterparti har i sitt vedteke program for Alver kommune sagt eit klart nei til vidare utbygging i Lonena, og meiner at det er andre areal i Knarvik som er meir naturleg å byggja ut. Området i Lonena må utviklast og haldast godt ved like og må sjåast i eit folkehelseperspektiv.

Området i Lonena er svært verdifullt og må sjåast som ein «indrefilêt» i Knarvik-området, og er særleg viktig for å fremja trivsel og folkehelse i Knarvik og tilliggjande område. Området kan nyttast av alle uavhengig av alder og funksjonsnivå. Dette vil stå seg for all framtid, og vil vera med å gjera det attraktivt å busetja seg i Knarvik-området. I Lonena ligg også eit utsøkt våtmarksområde som er viktig å ta vare på slik det ligg i dag.

Lonena ligg tett ved to store barnehagar, den nye barneskolen, ungdomsskulen, vidaregåande skule og Knarvik idrettsanlegg. I alt er det omlag 2300 barn og unge i barnehage og skule tett ved Lonena. Alle desse seier at dei brukar dette naturområdet aktivt i kvardagen og i undervisninga. I arealplanlegging er tilgang til grøne område nær barnehagar, skular og andre institusjonar viktige omsyn og det er difor heilt sentralt for oppvekstmiljøet til barn og unge at ikkje dei grøne områda vert mindre tilgjengelege. Ferdsel i grøntområde og naturen elles er den enklaste og mest inkluderande form for friluftsliv.

Når det gjeld trafikk i området ved Lonena, kan vi ikkje sjå at det er forsvarleg med vidare utbygging. Trafikken i området er allereie (for) stor, og ytterlegare trafikk både i anleggssamanheng og etter ei eventuell utbygging, kan ikkje forsvarast.

Alver Senterparti meiner at dei heilt sentrumsnære områda i Knarvik, like ved senteret og rundt kollektivknutepunktet no må byggjast ut, noko som gjev betre transportløysingar og redusert biltrafikk. Dette vil gjera sentrumsområda meir tilgjengelege for fotgjengarar og syklistar. Eit tydeleg avgrensa sentrum med bustader, handel, møteplassar, kulturtilbod og andre publikumsretta funksjonar vil støtta opp om utvikling av Knarvik som ein kompakt tettstad.

Alver Senterparti meiner elles at det er viktig - som det også er sagt i planframlegget, å prøva få kjøpt ut dei grøne friområda. Vi meiner difor at heile området bør regulerast som friområde slik at heile dette unike området kan løysast inn.

Frå 1.1.2020 vert Lindås kommune slått saman med Radøy og Meland kommunar til nye Alver kommune. Alver Senterparti meiner at denne saka bør venta til den nye kommunen er på plass, og at det nye kommunestyret bør ta saka med vidare inn i ein ny kommuneplan for Alver kommune der grøntområde og friluftsområde i eit folkehelseperspektiv får ei svært grundig drøfting særleg kring dei viktigaste tettstadane i den nye kommunen. Alver Senterparti ber difor om Lindås kommune utset vidare handsaming av Områderegulering for Lonena.

Helsing

Asbjørn Nagell Toft
Leiar i Alver Senterparti